

---

**Fra:** Trond Eirik Helland <tehellan@gmail.com>  
**Sendt:** 15. mai 2014 23:24  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** Arne Askeland; Solbjørg Anita Helland  
**Emne:** Bestilling av halltid for hausten 2014 og våren 2015, Radøy/Manger Fotballklubb

Hei

Fotballklubben ynskjer som vanleg å benytta hallen til vintertrening. Mandagar og onsdagar har vore gode dagar for oss, men tek gjerne mot ledig tid utanom dette. Søndagar, når hallen er ledig, har og vore nytta.

Ynskjer i utgangspunktet omlag like mykje tid, og same tidspunkt som ifjor.

Det har variert mykje kortid dei forskjellige laga har starta innetreninga, og kortid denne har vorte avslutta. I kalenderen til kommunen ligg dei rammene me vart enig om i fjor, men alle tidene her har ikkje vore nytta av fotballklubben. På RMFK si heimeside ligg det oppdatert informasjon om bruken under "treningstider". Dette har vore praksis siste åra, etter avtale med vaktmester Sulebakken, og det er desse tidene me har vorte fakturert for fram til no (minus old boys og veteran som betalar sjølv).

Dersom det må avtalast heilt presist på førehand kva som skal vera treningstidene for RMFK, og dette skal leggjast til grunn for betalinga, vel me å redusera leigeperioden for neste år; foreslår start 10. november, til og med februar 2015. Treningar utover denne perioden kan kanskje avtalast for kvar enkelt?

Me kan ikkje levera kontaktinformasjon for kvar enkelt trenar på noverande tidspunkt, då me ikkje veit kven som er trenarar for neste sesong, kor mange og kva lag me har, eller korleis det passar å fordela treningstidene. Denne informasjonen kan skaffast når treningstidene er fordelt. Dette er informasjon me har delt via vår eigen treningkalender fram til no.

Når det gjeld nøklar, kjenner eg ikkje til at trenarane i klubben har fått utdelt noko. Me, RMFK, har hatt ein nøkkel som me lånar ut til trenarane, og denne er det no meg som disponerer. Denne vert brukt til treningar utanom opningstid i hallen.

mvh Trond Eirik Helland, RMFK  
tlf 97155422